
Fra: Aurdal, Thomas <fmmrthau@fylkesmannen.no>
Sendt: fredag 28. februar 2020 10:36
Til: Vidar Giskeødegård
Emne: VS: Giske kommune søker om løyve til tiltak ved Gjøvsundet - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 31. mars

Hei igjen

Det kom inn en revidert utgave av høringsuttalelsen fra sjøfartsmuseet nå, der de også kommenterer området der det skal dumpes/fylles ut.

Se epost under.

Med hilsen

Thomas Aurdal
overingeniør



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Telefon: 71 25 84 67
Mobil: 415 12 874
E-post: fmmrthau@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/mr

Fra: Eirik Søyland Herdlevær <Eirik.Herdlever@museumvest.no>
Sendt: fredag 28. februar 2020 10:30
Til: Aurdal, Thomas <fmmrthau@fylkesmannen.no>
Emne: Giske kommune søker om løyve til tiltak ved Gjøvsundet - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 31. mars

Vedr. Giske kommune søker om løyve til tiltak ved Gjøvsundet - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 31. mars. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 20.02. 2020 og tidligare fråsegn i saka.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Gjøvsund fiskerihamn i Giske kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me kjenner til at det har vore mudra i området tidligare. Me tolkar potensialet for maritime kulturminne i område for dumping som lågt. Museet minnar om at Giske kommune ikkje sjølve kan vurdere om slike saker skal fremleggast for Sjøfartsmuseet slik det står i søknaden. Alle saker skal ut til høyringspartar då det kan ha kommen nye opplysningar som tidligare ikkje var kjent.

Museet har ingen fleire merknader til arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har

undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Eirik Herdlevær | Bergens Sjøfartsmuseum

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 02 |

www.museumvest.no



Fra: Aurdal, Thomas <fmmrthau@fylkesmannen.no>

Sendt: mandag 24. februar 2020 14:53

Til: postmottak@fiskeridir.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; post@kystverket.no;
post@alesund.havn.no

Kopi: Vidar Giskeødegård <vgis@giske.kommune.no>

Emne: Giske kommune søker om løyve til tiltak ved Gjøundet - Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 31. mars

Hei

Vi syner til vedlagt søknad frå Giske kommune om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø.

Det skal mudrast om lag 271 000 m³ massar over eit areal på om lag 95 000 m² ved fiskerihamna i Gjøundet, og massane skal plasserast i strandkantdeponi og nyttast til utfylling ved Gjøundneset industriområde. Tiltaka er planlagt utført i perioden 01.08.2020-31.07.2021. Tiltaket skal vere i tråd med gjeldande detaljplan for området, frå 17.03.2016. Området vart sist mudra i 2002.

Vi ber om at ei eventuell uttale til søknaden sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal **innan 31.03.2020**.

Vi er kjend med at Fiskeridirektoratet (09.12.2019) og Bergen Sjøfartsmuseum (28.03.2014) har uttalt seg tidlegare. Eventuelle tilføyingar kan sendast til oss innan datoen over.

Med helsing

Thomas Aurdal

overingeniør



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Telefon: 71 25 84 67

Mobil: 415 12 874

E-post: fmmrthau@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr